

Ein trygg start i Lande FUS barnehage



barnehagene



Velkommen til Lande FUS barnehage!

Barnehagen fyller 10 år i år og er ein av totalt 177 privateigde FUS-barnehagar i landet. Vi har omkring 60 barn hos oss fordelt på fire avdelingar. På Eklogitt og Kwarts som ligg i 2. etasje har vi barn frå 3-6 år og på Gneis og Glimmer i 1. etasje har vi 1-2 åringar.

Barnehagen ligg idyllisk til med naturens eigen leikeplass rett utanfor gjerdet. Vi har flott utsikt til fjord og fjell og gangavstand til alt vi kan ønske oss. Når vi ser på omgivelsane er det lett å forstå at friluftsliv har ein stor plass hos oss.

I tillegg til den daglege kontakta vi har med føresette gjennom hente- og bringesituasjonar bruker vi appen MyKid. I MyKid deler vi blant anna planar, informasjon, foto og innhentar det meste vi treng av informasjon og samtykkjer om barna.

Vi støtter oss til SmartMat sine kosthaldsråd, noko som skal sikre barna eit sunt, godt og variert kosthald. Vi lagar det meste frå grunnen av, og vil unngå å bruke ultraprossesert mat i barnehagen. Barna får i stor grad vere med på å lage til måltida. Vi bruker tid på å snakke om kva matvarer er og kvar dei kjem i frå. Dette gir matglede og motiverer barna til å smake på mat dei elles kanskje hadde takka nei til. I tillegg til fokus på maten vi et er også sjølv måltidet viktig. Vi ser på måltidet som ein sosial arena der barna samlast rundt bordet med eit felles mål om å ete seg mette og å ha det triveleg rundt bordet.

Kvifor er god tilvenning viktig?

Når dei yngste barna begynner i barnehagen for første gong, er det ikkje mogleg å forklare dei korleis denne første store overgangen i livet kjem til å gå føre seg. Ein god overgang er viktig for alle barn, enten det er frå heim til barnehage, eller til ein ny barnehage. Barna treng derfor at foreldre og dei ansatte samarbeider til barnets beste, slik at overgangen skal verte so god som mogleg. Målet er at barnehagen blir et positivt tilskot i barnets liv som gir barna mange nye moglegheiter for trivsel og utvikling. Ei god tilvenning der barnet får tid og rom til å gjere seg kjent, saman med foreldra, vil fremme eit trygt barn som kan trivest, leike, utforske og lære i barnehagen.

Foreldreaktiv tilvenning gir en tryggare start

For å få til ein god og trygg oppstart for både barn og foreldre brukar vi ein foreldreaktiv modell for tilvenning. Modellen brukast hovudsakeleg for dei yngste barna under tre år, men deler av den brukas også for barn over tre år. Foreldreaktiv tilvenning inneberer at de foreldre har ei aktiv rolle overfor eige barn i tilvenningsperioden. Det er de som representerer trygghet for barnet og som derfor er best egna til å støtte barnet når det skal bli kjent i et nytt miljø. Som foreldre er det de som kjenner barnets rutinar og veit når barnet trenger trøyst og nærheit eller når barnet er klar for leik og utforsking. I løpet av tilvenningsdagane har de moglegheit til å dele denne



kunnskapen om barnet med dei ansatte. De hjelper barnet med å bli kjent med ansatte og andre barn. Målet er at barnet gradvis erfarer at barnehagen er ein fin og trygg stad å vere.

Ein eigen tilknytingsperson i barnehagen

For å gjere dagane så trygge som mogleg den første tida, får barnet ein eigen tilknytingsperson ved oppstart i barnehagen. Tilknytingspersonen har et spesielt ansvar for å ta seg av «sine» barn og foreldre i forbindelse med barnehagestarten. Dersom det begynner fleire barn samtidig, kan det vere aktuelt å danne små grupper med for eksempel ein tilknytingsperson og to-tre barn med kvar sin forelder som har oppstart samtidig.

Tilknytingspersonen har som oppgåve å etablere ein tidleg relasjon til barnet, slik at barnet har en «trygg hamn» når dokke foreldra ikkje lenger er i barnehagen. Det er viktig for barnets trivsel og utvikling at dokke også etablerer et godt forhold til tilknytingspersonen.

Kva skjer i forbindelse med tilvenninga?

Før oppstart i barnehagen:

Besøk i barnehagen

Vi inviterer på besøk i barnehagen før oppstart. Under besøka vil de møte ansatte som skal jobbe på barnets avdeling, samt andre nye barn og deira foreldre. Besøka vil handle om å bli kjent i barnehagen og med kvarandre, ved å være saman rundt barna.

Dette er et tilbud som de benytter om de ynskjer. Vi oppfordrar dykk til å til å komme på meir uformelle besøk også. Kom innom når det passar og leik saman med oss ei stund.

Foreldremøte

Vi arrangerer eit foreldremøte i mai der vi vil presentere modellen for tilvenning, små barns grunnleggande behov for trygghet, omsorg, tilknytning, leik og læring. I tillegg vil vi introdusere barnehagen, personalet og ha ei omvising. Her blir det anledning til å stille spørsmål de har knytta til tilvenning og oppstart.



Bli kjent-samtale

De vil få tilbud om en bli kjent-samtale ved oppstart i barnehagen. Målet med samtalen er at de fortel litt om barnet (barnets døgnrytme, kva barnet likar å leike med, kva mat barnet likar, korleis barnet søker trøyst med meir) og at dokke får informasjon om barnehagen og tilvenninga. Under samtalen kan dokke foreldre stille spørsmål til barnehagens ansatte.

Oppstart - tilvenningsperioden:


Barn er ulike med ulike behov. Tilvenningsperioden er den første tida på ny avdeling eller det første møtet med barnehagelivet, og vi ønsker å tilpasse oss dykkar barn så langt det let seg gjere. Her beskrives ein plan for dei fem første dagane i barnehagen. Det understreka at denne planen kan endrast og tilpassast behova til det enkelte barn. For barn under 3 år er det viktig å sette av minimum fem heile dagar, og gjerne fleire dagar dersom barnet eller foreldra har behov for det. For barn over 3 år har vi tilvenning tilpassa barns behov og etter avtale med foreldra.

Foreldra har satt av ulik tid til tilvenning og dei fleste forsette har 3 dagar kvar frå arbeidsgivar. Vi anbefalar dokke å ta dei tre dagane kvar for seg, dersom det er mogleg, for å strekke perioden så langt det går slik at barnet får dagar tilpassa sitt behov.

Dag 1:

Når de kjem til barnehagen, vil de bli tatt imot av barnets tilknytingsperson. Tilknytingspersonens oppgåve er å bli kjent med barnet, slik at barnet blir trygt og kan oppnå tilknytning til denne.

Dine oppgaver som foreldre
<ul style="list-style-type: none">• Ha hovudansvaret for barnet
<ul style="list-style-type: none">• Være tilgjengeleg og i nærheita av barnet heile tida. Dette gjelder også for barn som fort blir kjent i barnehagen.
<ul style="list-style-type: none">• Delta aktivt i barnehagekvardagen
<ul style="list-style-type: none">• Stelle barnet, sitje saman under måltid, aktivitetar og leik
<ul style="list-style-type: none">• Få informasjon om korleis dagsrytmen i barnehagen fungerer
<ul style="list-style-type: none">• Bli litt kjent med personalet samt nokon av dei andre foreldra og barna



Kva skal dokke ta med?
<ul style="list-style-type: none">• Eit kleskift
<ul style="list-style-type: none">• Noko kjent og trygt for barnet: Vassflaske, smokk, klut eller kosedyr
<ul style="list-style-type: none">• Bilde av dokke foreldra, andre i familien, venner til barnet, heimen dokka eller noko anna som barnet er knytt til (ca. 5 stk.). Dokke vil få utdelt eit papirhus der dokke skal lime på bilda. Huset eller boka laminert og kan være til god hjelp for barna når dei blir lei seg og sakna dokke.

Dag 2-3:

De som foreldre har framleis hovudansvaret for barnet. Vær tilgjengeleg og i nærheita av barnet heile tida. Dette gjelder også for barn som fort blir kjent i barnehagen. Delta aktivt i barnehagekvardagen. Stell barnet, sit saman under måltida, aktivitetar og leik.

Få informasjon om korleis dagsrytmen i barnehagen fungerer. Bli litt kjent med personalet samt nokon av de andre foreldra og barna.

Dag 4-5:


De kan forlate barnet ei lita stund slik at barnet kan være alene saman med tilknytingspersonen (ikkje lenger unna enn personalrommet), dersom barnet er trygg nok på tilknytingspersonen. Kor lenge ein skal vere borte avtales på forhånd. Vær alltid tilgjengeleg slik at barnehagen lett kan kome i kontakt.

Den første tida utan foreldre i barnehagen:

Levering og henting i barnehagen

Det er viktig at du alltid seier ifrå til barnet om at du går, og ikkje haler ut avskjeden for lenge. Barnet trenger å vite at du går når du seier at du skal gå, og at du kjem tilbake seinare. Det skaper forutsigbarheit for barnet. Mange barn protesterer eller vert lei seg når foreldra går frå dei om morgonen, noko mange foreldre opplever som vanskeleg. Sjølv om barna kan gråte når foreldra går, er dei ofte raskt i gang med leik eller utforsking ei stund etterpå. Be dei ansatte fortelle dykk kva barnet bruker å gjere etter at de har gått, slik at de blir trygge på at barnet får den støtta som trengs. Sei ifrå til oss dersom de føler på usikkerhet rundt situasjonen om morgonen eller ettermiddagen.

Ved henting skal barnehagedagen avsluttast på ein god måte. Vis at du er glad for å sjå barnet igjen og snakk med dei ansatte om korleis dagen har vore. Hjelp barnet med å avslutte barnehagedagen ved å sei ha-det til dei ansatte og dei andre barna.



Om mogleg - tilpass kvardagen

Mange nye inntrykk skal bearbeidast for barna, so dersom de har moglegheit til å ha litt kortare dagar i starten er det best for barna. Det kan også vere bra å ha litt rolege ettermiddagar etter barnehagen.

Velkommen til oss!